

Bergens Tidende 20.4.10

Njálssoga: 25% miljø, resten arv

Hjernevask-programma til Harald Eia har skapt mykje diskusjon om samhøvet mellom miljø og arv. Dei personlege eigenskapane våre, interessene og intelligensen – i kor stor grad er dei medfødde, og i kor stor grad er dei produkt av miljøet vi voks opp i? Eia kritiserer kjønnsforskarar og samfunnsforskarar for å leggja lita vekt på det medfødde, samstundes som dei ikkje har sett seg inn i nyare genetisk forskning som tyder på at det medfødde er mykje viktigare enn miljøet. Han kritiserer òg ”den intellektuelle slappheita” det er å seia: ”å, det er ei blanding av arv og miljø”. Det er klart det er det, så Eia erklærer: ”Vel, lat oss finne ut kva den blandinga er, da!” (*Forskerforum* 4, 2010). Det er ikkje berre i dag folk er opptekne av desse spørsmåla. Kva forfedrane våre i mellomalderen meinte om dei, er blant temaa vi granskar i faget norrøn filologi.

Det viser seg at ein ikkje berre tenkte over dette, men hadde eit eksakt svar på det: I den islandske *Njáls saga* frå 1200-talet heiter det at ”ein fjerdedel kjem av fostringa”, altså miljøet. Dette ser ut til på ha vori eit ordtak, og i så fall var det gjengs oppfatning at det medfødde forklarar $\frac{3}{4}$ av kven vi er – altså noko av det same som den nyaste forskinga i vår tid er kommen fram til. Det same grunnsynet (men ikkje ”brøkfesta”) går fram av andre ting i den norrøne litteraturen. Det er mange døme på at dersom eit høgætta barn blir ombytt eller selt som træl, så skjønar ein likevel av framferda og karakteren til barnet kor det høyrer til i samfunnet. Blir småkårsbarn plasserte i ein mykje gjævare posisjon enn dei har arv til, så avslører dei seg òg. Det som bur i ein ”sprenger seg fram”, så å seia. Det same grunnsynet ser vi av at det var vanleg at borna til aristokratiet vart fostra opp av andre enn foreldra, anten av nokon i hushaldet deira eller av ein annan familie. Fostraren stod alltid lågare sosialt enn familien barnet kom frå, og dersom ein meinte at denne ”simple” påverknaden ville forme barnet på avgjerande vis, så ville foreldra neppe funni seg til rette med ordninga, for sosial posisjon var svært viktig. Ein har tydelegvis meint at ein var den ein var, same kor ein voks opp.

Ein faktor som kan forklare ein del av denne oppfatninga – men neppe heile – er sjølvsagt at ho var til fordel for dei som hadde makta i det klassedelte mellomaldersamfunnet: ”Vi herskar fordi vi har ein medfødd herskarkvalitet! Den er det berre vi som har, og det kan ingen ting endre!” Faren for at resultat frå arveforskinga skal brukast politisk i liknande påstandar i dag er truleg hovudårsaka til at venstresida er skeptisk til denne forskinga. Men dette følgjer ikkje logisk. Utjamning kan vera eit overordna mål, same kva årsaka til skeivheita er. Dersom dei veike strever meir av årsaker dei har frå fødselen enn fordi dei voks opp i eit vanskeleg miljø, så gjev ikkje det dårlegare grunn til å hjelpe dei. Eg sit absolutt ikkje med fasiten når det gjeld arv / miljø-brøken, men det som verkar tvilsamt på meg, er selektiv forskning som unngår visse resultat.

Eldar Heide

Postdoktor, Senter for mellomalderstudiar, UiB